asplan viak

Renovasjonsteknisk norm for Ullensvang kommune



Versjon 2, 25.05.2026

Renovasjonsteknisk norm

1. Innleiing 3

2. Definisjonar 4

3. Val av renovasjonsløysing 5
   - 3.1. Alternative oppsamlingsløysingar 5
   - 3.2. Generelle krav/føringar 6
   - 3.2.1. Kjeldesortering 6
   - 3.2.2. Dimensjonering 6
   - 3.2.3. Krav til privat køyreveg 8
   - 3.2.4. Branntryggleik 8
   - 3.2.5. Plassering av oppsamlingseiningar 8
   - 3.2.6. Økonomi 8

4. Spesifikasjonar for oppsamlingseiningar i plast med hjul 9
   - 4.1. Oppsamlingseiningar – type og dimensjon 9
   - 4.2. Avfallsrom/avfallshus 9
   - 4.2.1. Plassering, utforming og tilkomst 10
   - 4.2.2. Døme på utforming av avfallsrom/avfallsbod 11
   - 4.3. Utandørs plassering 11
   - 4.3.1. Plassering, utforming og tilkomst 11
   - 4.3.2. Døme på utandørs plassering 12

5. Spesifikasjonar på djupoppsamling/nedgrave oppsamlingseiningar 13
   - 5.1. Oppsamlingseiningar – type og dimensjon 13
   - 5.2. Plassering og utforming 13

6. Avfallssug 15

7. Vedlegg: Sjekklistar for renovasjonsløysing i plan- og byggesakar 16

1. INNLEIING

Ved planlegging, etablering og rehabilitering av bustad- og fritidsbusetnader er det viktig å etablere gode løysingar for kjeldesortering og handtering av avfall.

Målgruppa for denne renovasjonstekniske norma er arealplanleggjarar, utbyggjarar, og rådgivande arkitektar, ingeniørar og andre konsulentar som planlegg slik busetnad.

Norma gir føringar for planlegging av renovasjonsløysingar for hushaldsavfall, dvs. avfall frå bustader. Norma omtalar krav og føringar for plassering og fysisk utforming av stader der avfallet samlast opp, samt tilrettelegging for innsamling og transport av avfallet ut av bustadområdet.

Val av renovasjonsløysing må gjerast i samarbeid med Ullensvang kommune, og nye eller endra renovasjonsløysingar skal alltid godkjennast av kommunen. Ved oppstart av planarbeidet/byggesaka bør det difor tas kontakt med renovasjonsavdelinga i kommunen.

Næringslivet har sjølv ansvar for at avfallet dei genererer, vert handtert på ein forsvarleg måte. I bygg/bustadområde der det er planlagt både bustader og verksemder, vil det oppstå både hushaldsavfall og næringsavfall. I slike tilfelle kan det etablerast kombinasjonsløysingar for hushaldsavfall og næringsavfall, men det må vera separate oppsamlingseiningar for dei to løysingane.

Dei planlagde renovasjonsløysingane må følgje dei til ein kvar tid gjeldande reguleringar, lovar og forskrifter. Denne norma beskriv dei renovasjonstekniske føringane som gjeld for dei ulike typane renovasjonsløysingar/oppsamlingseiningane. Utbyggjar har ansvar for at renovasjonsløysingane også oppfyller krav i anna regelverk, som til dømes brannsikring og universell utforming. Relevante førsegner inkluderer mellom anna:

- Forureiningslova
- Kommunale renovasjonsforskrifter
- Plan og bygningslova
- Byggteknisk forskrift
- Regelverk for branntryggleik
- Vegnormar

Følgjande skal gå fram i dei ulike plan- og byggefasane:

Plan- og byggefase	**Naudsynte opplysningar/dokumentasjon som skal sendast til kommunen**
Områderegulering*	Valt renovasjonsløysing skal gå fram. Det skal sikrast at krav til køyrbar veg kan verte ivaretatt.
Detaljregulering	Vald renovasjonsløysing skal gå fram, samt avsett areal til vald løysing. Det skal sikrast at avsett areal er tilstrekkeleg for den valde renovasjonsløysinga, samt at krav til køyrbar veg kan verte ivaretatt.
Innsending av ramme/byggesøknad	Det skal utarbeidast ein renovasjonsteknisk plan, eller krav til renovasjonsteknisk plan må inngå/vere svart ut i teknisk plan

* Dersom det ikkje er planlagt/er krav om detaljregulering for det aktuelle området, gjeld krava for detaljregulering også for områderegulering – så sant dette er formålstenleg i det aktuelle dømet

Sjekkliste for kva som skal opplysast ved innsending av reguleringsplanar og renovasjonsteknisk plan ligg som eit vedlegg til norma.

2. DEFINISJONAR

Abonnent: Eigar eller fester av eigedom kor det oppstår hushaldsavfall. Som abonnent reknar ein og verksemder som nyttar den kommunale renovasjonsordninga.

Avfallshus: Separat bygning for plassering av oppsamlingseiningar.

Avfallsrom: Separat innandørs rom for plassering av oppsamlingseiningar.

Avfallssug: Renovasjonsløysing der avfallet samlast under bakkenivå og blir transportert i røyr under bakkenivå.

Bueining: Ein kvar sjølvstendig eining definert som bustad i Matrikkelen.

Brukar: Den som nytter renovasjonsordninga, men som ikkje er same juridiske person som abonnent.

Djupoppsamling/nedgrave oppsamlingseining: Oppsamlingseiningar kor avfallet samlast helt eller delvis under bakkenivå.

Matrikkelen: Norges offisielle register over fast eigedom

Oppsamlingseining: Behaldar, sekk, container eller nedgrave behaldarar/containerar (djupoppsamling) for avfall som kommunen til ei kvar tid godkjenner til bruk i si innsamlingsverksemd.

Utbyggar: Ansvarleg for planlegging og utbygging av tiltak som krev renovasjonsløysing.

3. Val av renovasjonsløysing

3.1. Alternative oppsamlingsløysingar

- Oppsamlingseiningar i plast med hjul
- Djupoppsamling/nedgravne oppsamlingseiningar
- Avfallssug

I tabellen nedanfor oppsummerast eigenskapane til dei ulike renovasjonsløysingane:

Tabell 1: Eigenskapar for dei aktuelle renovasjonsløysingane (samanlikna med kvarandre)

	Oppsamlingseiningar i plast med hjul	**Nedgravne oppsamlingseiningar (Min 20 bueiningar)**	**Avfallssug (min. 300 bueiningar)**
Universell utforming			
Hygiene			
Lukt og skadedyr			
Branntryggleik		*	
Estetikk			
Forsøpling			
Trafikkbelastning lokalt			
Fleksibilitet volum			
Fleksibilitet sortering			
Investeringsbehov			
Drifts- og vedlikehaldskostnadar			

Grøn farge: positive eigenskapar, gul farge: Brukbare eigenskapar, rød farge: Relativt sett dårlegare eigenskapar.

*Heilt nedgravne oppsamlingseiningar har eit klart fortrinn i høve til branntryggleik samanlikna med delvis nedgravne oppsamlingseiningar.

I tabell 2 er det gitt ei rettleiing til val av renovasjonsløysing som bør nyttast for eit gitt tal bueiningar:

Tabell 2: Rettleiande tabell som syner kva type renovasjonsløysing som bør nyttast for eit gitt tal bueiningar

	Tal på bueiningar	**Marknad**
Oppsamlingseiningar i plast med hjul	< 20 bueiningar	140 – 1000 liter
Djupoppsamlarar/nedgravne oppsamlingseiningar	20 - 300 bueiningar	1300/1500, 2000, 3000 og 5000 liter
Stasjonært avfallssug	Kan vurderast viss > 300 bueiningar	Minst tre fraksjonar i rør, i sug til mottakshall

Mange forhold vil verke inn på kva som vil vere ei fornuftig løysing for eit gitt buområde. Type bustader og bustaden(e) si plassering kan vera avgjerande for naudsynt volum/løysingar. Kommunen bør difor kontaktast for å diskutere dimensjonering.

Kor tett bustadene er plassert vil også ha stor betydning for kostnadane ved etablering av nedgravne oppsamlingseiningar og avfallssug. Aktuelle løysingar bør difor kostnadsbereknast ut frå forholda på staden.

3.2. Generelle krav/føringar

3.2.1. Kjeldesortering

Det skal leggjast til rette for kjeldesortering i følgande fem fraksjonar ved etablering og rehabilitering av bustadar:

- Papp, papir og drikkekartong
- Glas- og metallemballasje
- Plastemballasje
- Matavfall
- Restavfall

Kjeldesorteringsordninga og føringar for renovasjonsløysinga vil kunne endra seg over tid. Norma vil oppdaterast i tråd med eventuelle endringar. Det vil til ei kvar tid vera den siste utgitte versjonen av norma som er gjeldande. Det må sjekkast på kommunen si heimeside kva utgåve som er siste versjon.

3.2.2. Dimensjonering

Avfallsproduksjonen i ein husstand vert mellom anna påverka av antal personar i husstanden, alder og utsorteringsgrad. Bueiningar med mange barnefamiliar (bleiebarn) vil ofte generere meir avfall enn bueiningar med einslege og eldre. Dimensjonering av avfallsmengdene må difor ta omsyn til målgruppa for bustadene og storleiken på dei.

Korleis avfallet pakkar seg i oppsamlingseininga vil variere frå oppsamlingseiningar i plast med hjul og for nedgrave oppsamlingseiningar. I tabell 3 og 4 nedanfor er dimensjonar for dei to alternative løysingane angjeve.

For oppsamlingseiningar i plast med hjul bør følgjande avfallsvolum leggast til grunn:

Tabell 3: Dimensjonering for volum for kvar bustad

Avfallstype	Dimensjonerande volum i liter	Volum oppsamlingseiningar som kan nyttast (liter)
Matavfall	50	140, 240, 370
Papir og papp	140 - 160	140, 240, 370, 660, 1000
Plastemballasje	100 - 160	Sekk 140, sekk 240 (kan ha eige stativ for disse), 660, 1000
Restavfall	110 - 120	140, 240, 370, 660, 1000
Glas/metallemballasje	40 - 80	140, 240, 370

For nedgravne oppsamlingseiningar (både heilt eller delvis nedgravne oppsamlingseiningar) bør følgjande leggast til grunn:

Tabell 4: Mogeleg dimensjonering for nedgravne oppsamlingseiningar for kvar avfallsfraksjon (minimum 20 bueiningar)

Avfallstype	Maksvolum oppsamlingseining	Maks tal bueiningar per oppsamlingseining
Matavfall	3000	70
Glas- og metallemballasje	3000	70
Plastemballasje	5000	50
Papp og papir	5000	50
Restavfall	5000	50

Ved dimensjonering av løysingar for avfallssug, må Ullensvang kommune kontaktast.

For næringsavfall gjelder følgande:

Avfall frå næringsbygg har stor variasjon i mengde og samansetnad avhengig av type næring, rutinar i verksemdene og sorteringsordning.

Tabellen nedanfor syner volumbehov for eit utval næringsbygg ved bruk av oppsamlingseiningar i plast med hjul eller anna løysing der avfallet ikkje vert komprimert. Tabellen er berre grovt rettleiande og må nyttast med skjønn. Ved etablering av større næringsbygg bør det alltid lagast ein spesifikk renovasjonsplan. Hentefrekvensen for dei ulike avfallsfraksjonane vil også verke inn på kor mange oppsamlingseiningar det må planleggjast for.

Tabell 5: Mogeleg dimensjonering næringsavfall

Næringstype	Mat-avfall	Papp (laust i container)	Papir/ Kartong	Plast (laust i sekk)	Glas	Restavfall (utan em-ballasje)	Eining
Butikkar, senter, forretningsbygg og liknande.	1-2	35-55	-	50-100	-	15-20	Liter per tilsett per veke
Kontorverksemd	0,4 -0,5	2-3	5-7	2-5	-	1,5-2	Liter per tilsett per veke
Kontorverksemd	2-5	-	5-15	3-70	0,5 -1	10-25	Liter/m2/ år
Daglegvarebutikkar	7-10	70-110	-	100-200	-	10-15	Liter per tilsett per veke
Skular, barnehagar, institusjonar	2-3	60-90	-	15-30	-	15-20	Liter per tilsett per veke
Hotell- og restaurant-verksemd	10-20	-	15-20	50-100	5-7	15-20	Liter per tilsett per veke

3.2.3. Krav til privat køyreveg

For at private vegar skal kunne nyttast som køyreveg for renovasjonsbil som samlar innavfall, må dei vere dimensjonert for tunge køyretøy. Generelt gjeld følgjande:

- Minst 3,5 meter bredde
- Fri høgde på 4 meter
- 7,5 meter svingradius.
- Hellinga på vegen skal ikkje overstige 10 %.
- Dei bærande konstruksjonane må tole eit akseltrykk på 10 tonn.

Køyrevegen må anten ha snuplass tilpassa renovasjonskøyretøyet, eller vere gjennomgå

ande. For utbygging i områder der eksisterande veg ikkje er i tråd medkrava over, må ein søke dispensasjon.

3.2.4. Branntryggleik

Branntilløp og brannar kan førekome i oppsamlingseiningar for avfall. Branntryggleiken må vere ivaretatt i medhald av gjeldande regelverk. Eventuelle krav frå forsikringsselskap må avklarast.

3.2.5. Plassering av oppsamlingseiningar

Oppsamlingseiningane skal så langt som mogeleg plasserast på eigen grunn. Eventuell plassering på anna privat grunn krev skriftleg samtykke frå grunneigar.

3.2.6. Økonomi

Ullensvang kommune eig alle oppsamlingseiningar i plast med hjul og står for innkjøp, utlevering, vedlikehald og fornying av desse. Kommunen har standard oppsamlingseiningar som skal nyttast, type og dimensjon på disse er angjeve i etterfølgjande kapittel. Ein kan ikkje nytte andre oppsamlingseiningar i plast med hjul enn dei kommunen tilbyr.

Tiltakshavar/utbyggjar som skal etablere nedgravne eller delvis nedgravne løysingar, må velgje ei løysing som kan handterast av kommunen. Løysinga skal godkjennast av renovasjonsavdelinga, i tråd sjekklister for renovasjonsløysing i plan- og byggesaker.

Etablering av areal for plassering av oppsamlingseiningane, oppstillingsplass for renovasjonsbil og alle andre kostnadar knytt til etableringa av renovasjonssystemet skal som hovudregel kostast av utbyggjar, uavhengig av kva type oppsamlingseiningar som blir nytta..

Kommunen har høve til å ta gebyr for handsaming av renovasjonsteknisk plan.

4. Spesifikasjonar for oppsamlingseiningar i plast med hjul



Figur 1: Oppsamlingseiningar i plast med hjul

4.1. Oppsamlingseiningar – type og dimensjon

I tabellen nedanfor er volum og dimensjonar på oppsamlingseiningar i plast med hjul som kommunen nyttar, angjeve.

Tabell 6: Volum og dimensjonar for oppsamlingseiningar i plast med hjul

Volum oppsamlingseining	Tal hjul	Høgde (mm)	Breidde (mm)	Djupn (mm)
140	2	1075	480	540
240	2	1050	580	700
360	2	1120	625	860
660	4	1200	1360	800
1000	4	1260	1360	1070
Stativ til plastsekk*	-	1000	500	550

*For oppsamling av plastemballasje kan det nyttast sekk. Til desse kan ein nytte eit strupestativ. I eit strupestativ kan plasten komprimerast inntil 8 gonger. Strupestativ/sekk kan berre nyttast i avfallsbod/avfallsrom, ikkje utandørs.

Ved dimensjonering av naudsynt areal for plassering av oppsamlingseiningar må ein legge inn minimum 15 cm avstand mellom oppsamlingseiningane. Framfor oppsamlingseiningane må ein rekne minimum 1,5 meter for å gjere det enkelt å trille ut oppsamlingseiningane. Ein må ta høgde for framtidig utviding av renovasjonsløysinga.

4.2. Avfallsrom/avfallshus

Avfallshus er eit separat utvendig bygg for plassering av felles oppsamlingseiningar, medan avfallsrom er eit innvendig rom i bygning med same føremål.


4.2.1. Plassering, utforming og tilkomst

Følgjande gjeld for plassering av avfallsrom og tilkomstveg for renovasjonsbil:

Tabell 7: Spesifikasjonar for utforming av avfallsrom/avfallsbod og tilkomst for renovasjonsbil

Plassering	Avfallsrommet/huset må ligge i plan med utvendig terreng og maksimalt 5 meter frå køyreveg.
Storleik	Avfallsrommet/huset må vere stort nok til at ein har enkel tilgang til alle oppsamlingseiningane, og at oppsamlingseiningane kan trillast ut utan at ein må flytte på andre oppsamlingseiningar
Lysopning/døropning	Lysopninga på dører må vere tilstrekkeleg stor til ut- og inntransport av oppsamlingseiningane. Minimumsbreidde på lysopninga er 1,2 meter og minimumshøgde 2,0 meter Eventuelle dører må vere sjølvlukkande og lette å setje i open stilling.
Tilkomst for brukarane og renovatør	Gangveg/tilkomst må ha fast dekke, vere i plan og utan hindringar. Ved nybygging skal ein unngå tersklar. Eksisterande avfallshus/rom med tersklar skal utstyrast med køyreramper. Dørvendar og lysbrytarar må ikkje plasserast for høgt. Køyreveg fram til henteplass skal tilfredsstille krav i kap. 3.2.3. Eventuell vegskulder må ikkje etablerast med hindringar som murar, høge kantsteinar, plantning og liknande.
Belysning	God innvendig belysning (minimum 100 lux). Lys kan med fordel utstyrast med automatisk inn/utkopling slik at det står på når det er behov.
Ventilasjon	I avfallshus bør det vere god ventilasjon, f.eks. med store opningar øvst på sideveggane eller god lufting mellom panel i kledning. Avfallsrom må ha ventilasjonsanlegg med tilførsel av friskluft og avtrekk.
Reinhald	Det bør vere mogeleg å spyle golvet og eventuelt også oppsamlingseiningane. Overflater må vere enkle å halde reine. Vatn, spyleslange og sluk bør leggjast opp slik at ein kan reingjere ved behov.
Skilting og merking	Avfallsrom/bod skal vere tydeleg skilta

4.2.2. Døme på utforming av avfallsrom/avfallsbod



4.3. Utandørs plassering

4.3.1. Plassering, utforming og tilkomst


Følgjande gjeld for utandørs plassering av oppsamlingseiningar og tilkomstveg for renovasjonsbil:

Tabell 8: Spesifikasjonar for utforming av utandørs plassering og tilkomst for renovasjonsbil

Plassering	Avstand frå inngangsdør til oppsamlingseiningane skal minimum vere i tråd med Teknisk forskrift.
Brannsikkerheit	Det må sikrast at brann ikkje sprer seg til omkringliggande bygningar. Opne oppsamlingsplassar for avfall må plasserast med god avstand til bygningar, om desse ikkje har fasade med brannteknisk beskyttelse.
Utforming	Arealet der oppsamlingseiningane skal plasserast må vere stort nok til at ein har enkel tilgang til alle oppsamlingseiningane, og at dei kan hentast av renovatør utan at ein må flytte på andre oppsamlingseiningar. Arealet må vere plant og ha eit stabilt og fast dekke. Tilstøytande areal må utformast slik at overflatevatn vert leida bort frå lokaliteten. Lokaliteten og utstyret må sikrast mot parkering og påkøyrsle.


	Det skal sikrast tilstrekkeleg areal til snøopplag, men området rundt oppsamlingseiningane skal ikkje fungere som snødeponi.
Tilkomst for brukarar og renovatør	Gangveg/tilkomst må ha fast dekke, vere i plan og utan hindringar som tersklar, fortauskantar og liknande, og ha eit stigningsforhold på maksimalt 1:15. Køyreveg fram til henteplass skal tilfredsstille krav i kap. 3.2.3. Eventuell vegskulder må ikkje etablerast med hindringar som murar, høge kantsteinar, plantning og liknande. Oppsamlingseiningane skal vere plassert maksimalt 5 meter frå køyreveg og ha god plass til at renovatøren kan gjennomføre tømming. Det inneber bl.a. god avstand til parkerte bilar og andre gjenstandar.
Estetikk og sjenanse	Arealet bør om mogeleg vere skjerma, enten naturleg med gjerde/hekk eller med avfallsbod. Av omsyn til eventuell lukt, skal avstand til uteplassar som veranda, leikeplass eller vindauge som vert nytta til lufting vere minst 5 meter. Eventuelt må plassen der oppsamlingseiningane er plassert utstyrast med tilstrekkelege skjermingstiltak.

4.3.2. Døme på utandørs plassering



5. Spesifikasjonar på djupoppsamling/nedgravne oppsamlingseiningar

Det finst to hovudtypar djupoppsamling; heilt nedgravne og delvis nedgravne.



Figur 2: Døme på delvis nedgravne oppsamlingseiningar (til venstre) og heilt nedgrave oppsamlingseiningar (til høgre). Kjelde: Strombergs.no

I tettbygd strøk skal det primært nyttast heilt nedgravne oppsamlingseiningar. Utbyggjar står elles fritt til å velje føretrekt løysing.

5.1. Oppsamlingseiningar – type og dimensjon

Ved planlegging og montering av oppsamlingseiningane, skal monteringsrettleiaren frå den aktuelle leverandøren av den nedgrave oppsamlingseininga nyttast.

Rettleiande dimensjonar for dei ulike nedgrave oppsamlingseiningane er angjeve nedanfor. Merk at desse kan variere for ulike typar:

Tabell 9: Rettleiande dimensjonar for delvis- og heilt nedgravne oppsamlingseiningar

Type djupoppsamlar	Høgde over bakken	Djupna under bakken	Diameter/størrelse på sikringsplattforma
Delvis nedgravne (1300 /1500 og 3000 liter)	1,2	1,5	2
Delvis nedgravne (5000 liter)	1,2	1,5	2,3
Heilt nedgravne (2000, 3000 og 5000 liter)	1,2	3	2x2

5.2. Plassering og utforming

Tabell 10: Spesifikasjonar for utforming av nedgravne oppsamlingseiningar og tilkomst for renovasjonsbil

Plassering	Avstand frå inngangsdør til oppsamlingseiningane skal ikkje overskride krav gitt i Teknisk forskrift. Rekna frå bakkenivå, skal conteinaren ha ein fri høgde på 9 meter.

	Ytterkant av conteiner skal plasserast minimum 1,5 meter frå vegg eller andre konstruksjonar som kan skadast under tømming av containeren.
Utforming	Oppsamlingseininga sitt krokfeste bør ikkje vere meir enn 3,5 meter frå køyreveg. Absolutt maksgrense er 5 meter. Avstand frå køyreveg eller oppstillingsplass for renovasjonsbil til næraste sikringsplattform må vere minimum 1,0 meter for å unngå snø frå brøyting. Det skal sikrast tilstrekkeleg areal til snøopplag, men området rundt oppsamlingseiningane skal ikkje fungere som snødeponi. Avstand mellom innkastsøylene/ytterkant av oppsamlingseiningane skal være minimum 1 meter for å kunne gjennomføre snøbrøyting Fall ut frå oppsamlingseiningane bør være minimum 1:20, (5 %), i 500 mm breidde til alle kantar. Oppsamlingseiningane bør etablerast på ei rekke, og terrenget skal vere tilnærma horisontalt der renovasjonsbilen parkerer ved tømming. Lokaliteten og utstyret må sikrast mot parkering og påkøyrsle. Tilstøytande areal må utformast slik at overflatevatn vert leda bort frå lokaliteten.
Tilkomst for brukarar og renovatør	Gangveg/tilkomst må ha fast dekke, vere i plan og utan hindringar som tersklar, fortauskantar og liknande, og ha eit stigningsforhold på maksimalt 1:15. Køyreveg fram til henteplass skal tilfredsstille krav i kap. 3.2.3. Eventuell vegskulder må ikkje etablerast med hindringar som murar, høge kantsteinar, plantning og liknande. Oppsamlingseiningane skal ligge maksimalt 5 meter frå køyreveg og ha god plass til at renovatøren kan gjennomføre tømming. Det inneber bl.a. god avstand til parkerte bilar og andre gjenstandar.
Estetikk og sjenanse	Av omsyn til eventuell lukt, skal avstand til uteplassar som veranda eller vindauge som vert nytta til lufting vere minst 5 meter. Eventuelt må plassen der oppsamlingseiningane er plassert utstyrast med tilstrekkelege skjermingstiltak. Det skal vere god avstand til næraste leikeplass, alternativt at det er gjerde imellom.

Tekniske krav	Dei nedgravne oppsamlingseiningane skal tømmast med ei to-krok løysing for heilt nedgravne og ein-krok med trålsekk løysning for delvis nedgravne. Hentestaden skal vera opplyst. Behaldarane skal inkludera eller vera tilrettelagt for volumavgrensande innkast. Behaldarane skal vera tilrettelagt for nivåmålar og elektronisk adgangskontroll. Kommunen kan krevje at det vert lagt trekkjerøyr for straum fram til oppsamlingseiningane.

6. Avfallssug

Prinsippet for avfallssug byggjer på at avfall vert samla inn via eit nedgrave røyrsystem. Det finst både mobile og stasjonære avfallssug. I mobile system nyttar ein nedgravne lagertankar og sugebil, medan avfall frå eit stasjonært system vert overført med vakuumsug til sentralt plasserte containerar.

Avfallssug vil ikkje nødvendigvis kunne handtere alle avfallsfraksjonane som inngår i kommunen sin renovasjonsløysning. Det kan difor vere naudsynt å etablereandre løysningar for enkelte avfallsfraksjonar i tillegg.

Dersom ein vurderer etablering av avfallssug, må ein ta direkte kontakt med kommunen. Det same gjeld for andre nye innovative løysningar for oppsamling og kjeldesortering av avfall.

7. Vedlegg: Sjekklistar for renovasjonsløysing i plan- og byggesakar

Sjekkliste ved områderegulering:

Punkter som er sjekka markerast med X i høyre kolonne	X
Type renovasjonsløysing er angjeve	
Krav til køyreveg er ivaretatt	
Dersom det ikkje planleggast/er krav om detaljregulering: Målsett planteikning med avsett areal for renovasjonsløysing ligg vedlagt	

Sjekkliste ved detaljregulering:

Punkter som er sjekka markerast med X i høyre kolonne	X
Type renovasjonsløysing er angjeve	
Krav til køyreveg er ivaretatt	
Målsett planteikning med avsett areal for renovasjonsløysing ligg vedlagt	

Sjekkliste ved rammesøknad/byggesak (krav til innhald i renovasjonsteknisk plan):

I forbindelse med søknad om rammetillatinge/byggesøknad, skal det liggje føre ein renovasjonsteknisk plan. Nedanfor følger sjekkliste for kva planen skal innehalde:

Punkter som er sjekka markerast med X i høyre kolonne	X
Nøkkelinformasjon og føresetnadar	
Namn på gjeldande reguleringsplan	
Gnr./bnr.	
Tal på bueiningar og type bustad	
Type renovasjonsløysing (Avfallsrom/avfallsbod, utandørs plassering av oppsamlingseiningar i plast med hjul, nedgrave oppsamlingseiningar)	
Utsnitt frå plandokumentasjon/reguleringsplan som omhandlar renovasjon	
Områdekart som viser prosjektet i geografisk samanheng	
Temaområde for avfallshandtering (areal for plassering av valt renovasjonsløysing) vist i plangrunnlag	
Detaljplan (illustrasjonsplan) som visar renovasjonsløysinga, type bygningar og trafikal løysing for renovasjon med renovasjonsbil	
Der fleire byggetrinn får konsekvens for renovasjonsløysinga, skal utbyggingstakt gjerast greie for	
Beskriving av løysing for handtering av avfallstypar: - Restavfall - Papir/papp/drikkekartong - Matavfall - Plastemballasje - Glas- og metallemballasje	
Maksimal gongavstand frå utgangsdør i bygg til renovasjonsløysing	
Teknisk beskriving og teikningar	
Dimensjonerings- og kapasitetsberekningar	

Detaljutforming av renovasjonsløysing med angjeve mål	
Tekniske teikningar med sporingskurvar for renovasjonsbilen; tilkomstveg, oppstillingsplass for renovasjonsbil, utkjøringsveg, snumogelegheit (vendesløyfe, vendehammar eller liknande)	
For avfallsrom/avfallsbod:	
Er krav/føringar i tabell 7 ivaretatt?	
For utandørs plassering av oppsamlingseiningar i plast med hjul:	
Er krav/føringar i tabell 8 ivaretatt?	
For nedgrave oppsamlingseiningar:	
Er krav/føringar i tabell 10 ivaretatt?	
For avfallssug:	
All planlegging må gjerast i samarbeid med Ullensvang kommune	